

**Protokoll frå årsmøte i Spelemannslaget De frilynde i øvingslokalet på Hebekk skole onsdag den 27. februar 2008 kl. 19.00.**

Leiaren opna møtet ..

Sak 1: Innkalling og sakliste blei godkjent og møtet sett.

Sak 2: Lene Meum blei valt til møteleiar og Nils Seland blei valt til referent.

Sak 3: Årsmelding. Sekretæren las opp årsmeldinga.  
Årsmeldinga blei godkjent.

Sak 4: Rekneskap. Kasseraren leverte ut kopi og gjekk gjennom postane.  
Samla beholdning pr. 31/12-2007 er kr. 10 031,27  
Speleinntekter i meldingsåret har vore kr. 22 280,-  
Musikkverkstadordninga (kr. 10 000,-) for 2007 er ikkje komen på konto ved årsskiftet og ikkje ført i rekneskapen.  
Dei to Follo-konsertane i november ga eit overskot på kr. 1 633,- til kvart av dei tre deltakarlagane. Kr. 5 000 av formidlingsstønaden frå RFF til dette tiltaket er ikkje komen inn og teken med i rekneskapen.  
Rekneskapen godkjent.

Sak 5: Valg

Styreleiar: Lene Meum. (gjenvalg)

Styremedlem og kasserar: Oskar Fevåg (ikkje på valg)

Styremedlem og sekretær: Nils Seland (gjenvalg for 2 år)

Revisor: Helge Slyngstad (gjenvalg)

Festkomité: Blir valt etter behov.

Noteutvalg: Nils Seland, Magnar Graav og Hilde Tannum. (gjenvalg)

Ansvarleg for barne- og ungdomsopplæring: Marion Løsnes

Valgnemnd: Egil Hammermo (formann), John Nordum og Magnar Graav.

Ski den 27. februar 2008

